

Uttale vedrørende klage på dispensasjon frå regulert byggegrense, gbnr 202/118 Hjelmås, garasje med loft

Visuelle kvalitetar

Garasjen er delvis nedfelt i terrenget og får ukanta kledning som resten av bygningane på tunet. Etter mitt syn vil garasjen passe fint inn. Det er fleire andre mykje høgare bygg i feltet, og bl.a. ein einebustad med høg, smal utforming (som elles er eit fint hus, slik eg ser det). Etter det eg kjenner til vart ikkje dette huset påklaga av utbyggjar. (tomt 11)

Nabovarsling

Eg har varsla dei naboar kommunen har gitt meg beskjed om til ei kvar tid, både under byggesaksrådgjevinga og seinare gjennom sakshandsamar. Ved første søknad om dispensasjon budde det ingen i 202/86, det var i begynnelsen av august 2018. Bebruarane i 202/86 vil uansett nesten ikkje sjå garasjen, dei vil i så fall berre skimte han så vidt frå lang avstand, frå inngangspartiet sitt.

Faktafeil

Ja, eg har kome i skade for å oversjå 202/164. Likevel meiner eg at garasjen ikkje vil være til sjenanse ved komande bustad der. Den tomten har skrå bakke som nabotomten (Ertesvåg sin). Eit eventuelt hus vil kome lenger nede og ha utsyn motsett veg, med innkjørsle på nedsida. Dei vil mest sansynleg ikkje sjå garasjen i det heile.

Når ein skal definere «nærleiken», vil eg tenkje at hus som ikkje blir forstyrra av skugge ellet tap av utsyn pga. garasjen, ikkje er sæleg i «nærleiken» i dette tilfellet. Eg vil ellers påpeike at dette er eit mindre tiltak på 28,8 m<sup>2</sup> og eg opplever at problemet har kome ut av proposjonar for klagar.

Helsing Sidsel Styve

27.06.2019

Helleåsen 41

202/118

